

# Etablering av ein ny kommune med utgangspunkt i Lindås, Meland og Radøy kommunar

Forhandlingsutvalet si utgreiing - utkast



## Innhald

|   |    |
|---|----|
| 1. INNLEIING .....                                    | 3  |
| 2. KOMMUNENAVN OG SYMBOLER.....                       | 3  |
| 3. PRINSIPP FOR SAMANSLÅINGSPROESSEN.....             | 4  |
| 4. MÅL FOR DEN NYE KOMMUNEN.....                      | 4  |
| 5. LOKALDEMOKRATI.....                                | 4  |
| 6. TENESTETILBODET .....                              | 8  |
| Lokalisering.....                                     | 8  |
| Skulestruktur .....                                   | 8  |
| Barnehagar .....                                      | 8  |
| Heise og omsorg.....                                  | 8  |
| Frivillighet, lag og foreiningar.....                 | 8  |
| Bibliotek og lokale servicekontor .....               | 9  |
| NAV.....  | 9  |
| Klima og miljø.....                                   | 9  |
| Interkommunalt samarbeid .....                        | 9  |
| Beredskap.....  | 9  |
| Jordvern og arealutnytting .....                      | 9  |
| 7. KOMPETANSE OG TJENESTEPRODUKSJON.....              | 9  |
| 8. KOMMUNIKASJON, SAMFUNNS- OG NÆRINGSUTVIKLING ..... | 9  |
| Vei.....  | 9  |
| Gang- og sykkelstiar .....                            | 10 |
| Øvrig infrastruktur.....                              | 10 |
| Næringsutvikling/arealpolitikk .....                  | 10 |
| Tettstadsutvikling .....                              | 10 |
| 9. ØKONOMIFORVALTNING .....                           | 10 |
| 10. FRAMTIDIGE INVESTERINGSPROSJEKT .....             | 10 |
| 11. EFFEKTIVISERING .....                             | 10 |
| 12. KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR.....                   | 11 |
| 13. INFORMASJON.....                                  | 11 |

## 1. INNLEIING

Stortinget har vedteke at det skal gjennomførast ein kommunereform. Formålet med reforma er å skape meir slagkraftige kommunar som skal vere i stand til å handtere framtidens velferdsoppgåver på ein god måte. Kommunane kan få fleire og nye oppgåver som Lindås, Meland og Radøy ser er utfordrande å handtere på eigenhand. Lindås, Meland og Radøy har på dei siste 50 åra utvikla seg til å bli det som vert omtala som eit funksjonelt samfunnsutviklingsområde. Forhandlingsutvalet trur at vi har betre føresetnader for å sjå på framtidige utfordringar i fellesskap enn kvar for oss.

På bakgrunn av vedtak i Lindås, Meland og Radøy kommunar, slik dei går fram av vedlegg 1, legg forhandlingsutvalet med dette fram si utgreiing om samanslåing av dei tre kommunane.

Forhandlingsutvalet har bestatt av: Frå Lindås: namn (parti), namn (parti), namn (parti); frå Meland: namn (parti), namn (parti), namn (parti); frå Radøy: namn (parti), namn (parti), namn (parti). Det har vert eit overordna prinsipp for forhandlingane at kommunane skal vere likeverdige.

Gjennom utgreiingsarbeidet har vi sett både fordelar og ulemper ved ein kommunesamanslåing. Nokre av ulempene vil vere større geografisk avstand innan den nye kommunen, både for innbyggjarar, tilsette og politikarar, følelsen av tap av identitet og kultur, fare for konsentrasjon av kommunale tenester i Knarvik, dårlegare lokalkunnskap hos sakshandsamarar, samt fare for mindre engasjement og politisk involvering frå innbyggjarane. Forhandlingsutvalet har forsøkt å avgrense moglege negative konsekvensar ved ein samanslåing.

Nokre av føremonene er sterkare fagmiljø som sikrar rekruttering og god kompetanse, betre kvalitet på tenestetilbodet, betre arealutnytting, både når det gjeld areal til friluftaktiviteter, betre jordvern, bustad- og næringsutvikling, samt større påverknadskraft ovanfor sentrale og regionale myndigheiter.

Målet vårt med kommunesamanslåinga er at innbyggjarane i dei tre respektive kommunane skal få enda betre tenester.

Utgreiinga byggjer på dei vurderingar forhandlingsutvalet har lagt til grunn fram til februar 2016. Etter at utgreiingsdokumentet er lagt fram xx.03.16, skal det vere ein medverknadsprosess i form av folkemøter og innbyggjarundersøkingar. Vi ser fram til stort engasjement og konstruktiv dialog i denne viktige avgjerdsla for dei tre kommunane. Innspela i medverknadsprosessen kan endre spørsmålet om kommunesamanslåing som skal handsamast i kommunestyrene i uke x/2016.

Ved positive vedtak om samanslåing i Lindås, Meland og Radøy i juni 2016, vil søknad om samanslåing bli sendt. Om søknaden vert godkjent vert den nye kommunen etablert frå 1. januar 2020.

## 2. KOMMUNENAVN OG SYMBOLER

Kommunen sitt namn er Nordhordland.

Kommunen sitt øvste politiske organ vert nemnt kommunestyre.

Etter at søknad om kommunesamanslåing er sendt, vert det satt i gang ein prosess for utarbeiding av nytt kommunevåpen, nytt ordførarkjede og kommunen sine andre symbol vert avklart.

### 3. PRINSIPP FOR SAMANSLÅINGSPROSESSEN

Lindås, Meland og Radøy kommunar er ulike, men likevel likeverdige.

Ein ny kommune skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kvar av dei gamle kommunane sine tradisjonar, fortrinn, sterke sider og utfordringar. Struktur, organisasjonskultur og system skal vektleggast, og utvikling av meirdemokrati skal ha høg prioritet. Likeverd, rausheit og forståing av kvarandre sin ståstad skal prege samarbeidet om samanslåing.

### 4. MÅL FOR DEN NYE KOMMUNEN

Måla Stortinget har satt for kommunereforma er blant anna å styrke lokaldemokratiet og gi større kommunar fleire oppgåver. Vidare skal innbyggjarane sikrast gode og likeverdige tenester, og kommunane skal vere bærekraftige og økonomisk robuste.

Kommunane skal ha eit heilskapleg og samordna samfunnsutviklingsperspektiv. Den nye kommunen skal sikre:

- tilstrekkelig kapasitet innanfor dei ulike verksemdsområda
- relevant kompetanse med sterke fagmiljø, god leiing samt god internkontroll
- tilstrekkeleg distanse for å skape objektivitet mellom sakshandsamarar og innbyggjarar
- lokal identitet med kort veg til basistenestene
- gjøre kvardagen enklare for innbyggjarane
- effektiv tenesteproduksjon kor gevinst av stordriftsfordeler skal nyttast til å gi betre tenester for innbyggjarane
- økonomisk soliditet
- valfridom, med ein bredde i tenestetilbodet
- funksjonelle samfunnsutviklingsområder med god infrastruktur og tettstadsutvikling
- eit næringsliv som tek i vare og skaper nye arbeidsplasser
- ein styrka regional konkurransekraft
- høg politisk deltaking med eit aktivt lokaldemokrati og tydelege medverknadsorgan
- lokal politisk styring der ein søker ein størst mogleg grad av lokal organisering av lovpålagde velferdstenester

Kommunenes planverk skal gjelde inntil nytt, felles planverk blir vedtatt i ny kommune.

### 5. LOKALDEMOKRATI

Frå og med vedtaket om samanslåing av kommunane fram til og med 31. desember 2019 er den politiske organiseringa slik:

Samtidig som det vert vedteke å søke om samanslåing, vedtek kommunestyrene i dei tre kommunane å sette ned ein fellesnemnd og at ein skal etablera eit partssamansett utval for samanslåingsprosessen. Fellesnemnda vert oppnemnd i medhald av inndelingslova § 26.

Fellesnemnda skal besta av x personer, høvesvis x frå Lindås, x frå Meland og x frå Radøy. Det skal vert vald varamedlemmer til nemnda. Fellesnemnda skal ha følgjande mandat:

- Fellesnemnda skal tilsette prosjektleder for samanslåingsprosessen. Prosjektleder vert tilsett som rådmann i den nye kommunen straks nytt kommunestyre er konstituert.
- Fellesnemnda skal handsame prosjektleiar si tilråding til organisering av og tilsettingar til den øvste administrative leiing etter 1. januar 2020.
- Fellesnemnda skal sjå til at reglar og avtalar om dei tilsette og tillitsvalde si medverknad/medråderett i tilhøve som gjeld samanslåing av kommunane vert tatt i vare.
- Medlemmane i fellesnemnda skal også utgjøre arbeidsgjevar sine representantar i partssamansett utval for samanslåingsprosessen.
- Fellesnemnda tek stilling til revisjonsordning for den nye kommunen etter tilråding frå kontrollutvala i dei tre kommunane.
- Fellesnemnda skal etterspørje og avklare alle prinsipielle tilhøve vedrørande samanslåingsprosessen.
- Kvar einskild kommune har i perioden fram til 1. januar 2020 ansvar for sin eiga ordinere drift, men spørsmål som kan ha noko å seie for den nye kommunen bør først drøftast i fellesnemnda.
- Fellesnemnda kan uttale seg i saker som er til handsaming i kommunane sine ordinere utval fram til den nye kommunen er etablert og som fellesnemnda ser at kan ha konsekvensar for samanslåingsprosessen. Fellesnemnda har eit spesielt ansvar for å vurdere saker med økonomiske konsekvensar og forberede budsjett for 2020 og økonomiplan 2020-2023. Det er det nye formannskapet som skal gi tilråding i budsjettsaka til det nye kommunestyret.
- Fellesnemnda skal søke å oppnå konsensus i alle avgjerder. Ved usemje skal Fellesnemnda vurdere om spørsmålet kan utsettast til etter at nytt kommunestyre er konstituert. Tilhøve som likevel vert vurdert som nødvendig å ta stilling til avgjerast med alminnelig fleirtall.

I samband med dei konstituerande kommunestyremøta hausten 2015 vert det gjennomført val til fellesnemnda.

Det nye kommunestyret for den nye kommunen har sitt konstituerande møte i oktober 2019. Her vert formannskap, utval og posisjoner for den nye kommunen vald i samsvar med dei føresetnader som vart lagd til grunn ved søknaden. I desember 2019 vert første møte for å vedta budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 gjennomført.

Det nye formannskapet for den nye kommunen har sitt første møte i november 2019 for å kunne gje tilråding til budsjett for 2020 og økonomiplan. Fellesnemnda sørgjer for at alle politiske utval kan gje uttale om budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 i løpet av hausten 2019.

Partssamansett utval for samanslåingsprosessen skal frå arbeidsgjevarsida bestå av Fellesnemnda sine medlemmer. Frå arbeidstakarsida vert 6 medlemmer, minst ein frå kvar kommune, oppnemnd av dei tilsette. Oppgåver:

- Handsaming av prosessen for tilsetting av prosjektleiar/ny rådmann og øvste administrative leiing. Utvalet skal også ta stilling til korleis tillitsvalde skal inkluderast i denne prosessen på en god mate.

- Handsame saker som gjeld tilhøvet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.
- Utvalet skal gi uttale i saker som vedkjem overordna personalpolitiske spørsmål, retningslinjer og planer i samband med kommunesamanslåinga.

Frå og med kommuneval et i 2019 er den politiske organisering av kommunen slik:

- Kommunestyre
- Formannskap
- Utval for levekår (oppvekst, helse og omsorg)
- Samfunnsutvikling

Kommunestyret skal ha xx medlemmer. Kommunestyret handsamer mellom anna overordna planar, budsjett- og økonomiplan, reguleringsplanar og andre overordna saker, jfr. kommuneloven § 6.

Formannskapet skal ha xx medlemmer og skal ivareta det løpande folkevalde ansvar. Formannskapet gjer tilråding til kommunestyret i alle saker utan direkte tilråding frå eit av dei andre utvala og skal ha eit serskild ansvar for kommuneplanprosessen. Formannskapet handsamer saker som har verknad på kommunen si økonomi, jfr. kommunelova § 8. Vidare har formannskapet ansvar for å avklare kommunen si eigarposisjon i aktuelle spørsmål samt gi kommunen sine representantar nødvendige fullmakter til å representere kommunen i interkommunale selskap.

Hovudutvala skal ha xx medlemmer. Utvala skal ha omfattande delegert sektoransvar/avgjerdsmynde og gi uttale i saker som rører ved utvalet sine saksområder før desse vert handsama i formannskap/kommunestyre. Ansvarsområda skal vere:

Formannskap:

- Byggeprosjekt
- Drift/vedlikehald kommunal eigendom

Levekår

- Sals- og skjenkebevillingar
- Institusjonar, heimeteneste/bemanna bustader
- Samhandlingsreform
- NAV (inkludert flyktningar)
- Rus/psykiatri
- Helsestasjon
- Barnevern
- Legevakt/legetenester
- Tiltak for funksjonshemma
- Øvrige helsetenester
- Skoler
- Barnehagar
- Vaksenopplæring
- PPT

## Plan og miljø

- By- og stadutvikling
- Kommunalteknikk
- Brann og beredskap
- Byggesak
- Miljø
- Barnerepresentasjon, jfr pbl § 3-3
- Arealplanlegging
- GEO-data
- Landbruksforvaltning

## Samfunnsutvikling

- Næringsutvikling
- Næringstomter
- Landbruk (unntatt landbruksforvaltning)
- Hamneforvaltning
- Reiseliv
- Frivillighet
- Lag/foreiningar
- Idrett
- Bibliotek
- Friluftsliv
- Kultur
- Kulturskule
- Folkehelse og førebyggjande arbeid
- Veier
- Parker/Grøntanlegg
- Trafikksikring
- Infrastruktur

## Andre råd og utvag:

- Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer. Leiar vert vald frå opposisjonen.
- Det vert oppretta to separate råd for eldre og brukarar med nedsett funksjonsevne kor samansetninga vert fastsett etter innspel frå aktuelle organisasjonar våren 2019.
- Det vert etablerer ungdomsråd kor samansetninga vert sett etter innspel frå barn og unge våren 2019.
- Samansetning av administrasjonsutvalet vert fastsett etter medverknad våren 2019, jfr. kommunelova § 25.

## 6. TENESTETILBODET

### Lokalisering

Ein rasjonell, effektiv og publikumsretta tenesteproduksjon vert opprettheldt lokalt. Gevinstar vert tekne ut i form av betre tenester til innbyggjarane.

Innbyggjarane skal i hovudsak få dekkja sine behov for kommunale basistjenester der de bor.

Alle rådhus vert nytta til egna kommunal verksemd så lenge dette er fornuftig og økonomisk forsvarlig. Nåverande tal arbeidsplassar vert søkt oppretthalde.

Andre lokaliseringsspørsmål vert avklart i den vidare prosessen.

### Skulestruktur

Nåverande og gjeldande vedtak om skulestruktur vert oppretthaldne. Skulekretsgrenser i ein ny kommune bør følgje nærskuleprinsippet og optimaliserast.

Skulefaglige vert tema i eigen kommunedelplan i den nye kommunen. Dei eksisterande kommunane skal søke å samkjøre eksisterande kommunedelplaner fram til samanslåing.

### Barnehagar

Den nye kommunen skal ha full barnehagedekning. Familiane skal få tilbod om barnehageplass med utgangspunkt i kor dei bur.

Nye barnehagar skal tilpassast befolkningsveksten slik at nærleik til tenestene og effektiv drift vert sikra.

### Heise og omsorg

Heile omsorgstilbodet skal ivareta nærleik til tenestene for innbyggjarane.

Sjukeheimplassar, omsorgsbustader og bo- og servicesenter skal vere nærast mogleg der folk bur, for å sikre nærleik til tenestene og lokal identitet.

Spesialistfunksjoner må samlokaliseras for å sikre sterke fagmiljø med relevant kompetanse.

Heimehjelp vert gitt med eit naturleg geografisk utgangspunkt for å sikre ein best mogleg heimehjelpsteneste. Helsestasjonstenester gis frå lokale helsestasjonar.

Helsehuset i Knarvik skal kome alle innbyggjarane til gode.

### Frivillighet, lag og foreiningar

Frivillighet er ein grunnpilar i kommunen, og både lag, foreiningar og privatpersoner skal stimulerast til frivillighet.

Lag og foreiningar i kommunen skal få støtte slik at lokal aktivitet vert opprettheldt på same nivå eller forsterka.



## Bibliotek og lokale servicekontor

Det skal vere desentrale bibliotekfilialar i den nye kommunen. Biblioteka skal vere ein samlingsstad og kulturutviklar. Servicekontor vert knytt til biblioteka, eller anna egna stad. Kva tenester som skal utførast i servicekontora vert avklart av fellesnemnda.

## NAV

Kommunale NAV-tenester vert lokalisert til Knarvik.

## Klima og miljø

Kommunen skal tilby kvalitativt gode og effektive VAR-løysningar med sikker og stabil vassforsyning.

Kommunen skal ha ein oppdatert klima- og energiplan.

## Interkommunalt samarbeid

Den nye kommunen skal i størst mogleg grad drive tenester som i dag skjer interkommunalt, i eigen regi. Kommunar som i dag deltek i interkommunale samarbeid, men som ikkje vert del av den nye kommune kan kjøpe tenester av den nye kommunen.

## Beredskap

Tryggleik er viktig for innbyggjarar i kommunen, og den nye kommunen skal prioritere beredskap. Dette skjer blant anna gjennom oppdaterte beredskapsplaner og øvingar.

Ved etablering av den nye kommunen vert Lindås og Meland brann og redning utvida. Brannstasjon på Manger ver vidareført som i dag.

## Jordvern og arealutnytting

Gjennom heilskapleg arealpolitikk skal det leggest opp til ein effektiv, bærekraftig og framtidsretta arealpolitikk kor god matjord vert sikra.

## 7. KOMPETANSE OG TJENESTEPRODUKSJON

For å sikre optimal ressursutnytting og gode tenester er det viktig å rekruttere, vidareutvikle og behalde relevant og tilstrekkelig kapasitet og kompetanse innan alle tenesteområde. Det vert arbeida med dette fram til og etter samanslåinga. Det skal gjennomførast ein kompetansekartlegging og utarbeidast ein plan for dette fram til og etter samanslåinga.

## 8. KOMMUNIKASJON, SAMFUNNS- OG NÆRINGSUTVIKLING

### Vei

- Nordhordlandspakken
- E 39
- Samband Vest

Trafikktryggleik skal prioriterast høgt.

## Gang- og sykkelstiar

Det vert utvikla prosjekt for fleire sykkeltrasear, gang- og sykkelstiar for å sikre trygge skuleveggar, skape god folkehelse og samt satse på klima og miljø.

## Øvrig infrastruktur

Den nye kommunen skal arbeide aktivt for å etablere eit godt kollektivtilbod, internt i og til og frå den nye kommunen.

Eit godt breibandstilbod og mobildekning er vesentlig for god infrastruktur.

## Næringsutvikling/arealpolitikk

Kommunen skal vere blant dei leiande næringskommunane gjennom ein aktiv næringspolitikk kor næringsdrivande og innbyggjarar møter ein positiv og profesjonell holdning blant kommunen sine politikarar og tilsette.

## Tettstadsutvikling

Kommunen har fleire tettstader med attraktive særpreg. Publikumsretta tenester skal som hovudregel gis der innbyggjarane bor, og tettstadane skal utviklast som attraktive bu- og arbeidsstadar.

## 9. ØKONOMIFORVALTNING

Den nye kommunen si økonomiforvaltning skal sikre at kommunen sin økonomi er i balanse og er robust i eit langsiktig perspektiv.

- Budsjet og økonomiplan skal ha eit stabilt tenestetilbod som målsetting.
- Innretninga av økonomiplanen bør vere slik at netto driftsutgifter for sektorene ikkje er større enn frie inntekter og at netto driftsresultat er i samsvar med TBUs anbefaling.
- Samla gjeld bør ikkje auke på sikt.
- Kommuneplanen skal vere styrande for innretning av budsjett- og økonomiplan.

Investeringsprosjekt innarbeida i dei tidligare kommunane sine økonomiplaner når søknad om samanslåing vert vedteke, vert prioritert i den nye kommunen sitt budsjett og økonomiplan. Det er ein føresetnad at prosjekta er fullfinansiert i balansert budsjett og økonomiplan.

## 10. FRAMTIDIGE INVESTERINGSPROSJEKT

Følgjande framtidige investeringsprosjekt bør prioriterast i den nye kommunen:

- Prosjekt 1
- Prosjekt 2

Fellesnemnda gjev endeleg tilråding i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet hausten 2019.

## 11. EFFEKTIVISERING

Etablering av den nye kommunen vii kunne frigjere økonomiske midlar, hovudsakeleg ved verksemdovergripande felles- og administrative funksjoner. Fram til kommunen er etablert skal

kommunane informere kvarandre før tilsetting i leiarstillingar og spesialiststillingar og vurdere samarbeid der det er mogleg.

Vidare arbeid for å sikre effektivitet skal baserast på ein kultur for kontinuerlig forbetring kombinert med prosjektbaserte gjennomgangar av verksemdsområde. Prinsippa for effektiviseringsarbeid og oppnådde resultat skal vurderast ein gong i valperioden i den nye kommunen. Prosjekt vert definerert i budsjettsamanheng eller i eigne saker. Prinsippa for effektiviseringsarbeid skal sikre at tillitsvalde og medarbeidarar blir involvert på ein god måte. Korleis prinsippa kan presiserast og følgjast opp med konkrete tiltak skal handsamast av partssamansett utvag.

Fellesnemnda vil ha overordna ansvar for å sikre at den nye kommunen vert etablert med effektive løysningar.

Oppnådde effektar skal nyttast til å styrke tenestetilbodet, bade kvantitativt og kvalitativt.

## **12. KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR**

Den nye kommunen skal ha en tydelig, raus og inkluderande arbeidsgjevarpolitikk, og legge til rette for mangfald blant dei tilsette i verksemdene. Kommunen skal ha ein aktiv rolle i elevenes 13-årige skuleløp, og bidra til framtidig rekruttering gjennom å ta inn tilstrekkelig tal lærlingar.

Den administrative omorganiseringa skal gjennomførast ved ein god prosess i nært samarbeid med de tillitsvalde og medarbeidarar.

Fellesnemnda skal etablere ein egen plan for medråderett etter handsaming i det partssamansette utvalet for samanslåingsprosessen.

Det bør vere samsvar mellom overordna politisk og administrativ organisering. Endelig avklaring av den administrative organiseringa vert gjort etter at prosjektleiar/framtidig rådmann i ny kommune er tilsett.

## **13. INFORMASJON**

Innbyggjarar og tilsette i alle kommunane gis god informasjon mens prosessen går og fram til ny kommune er etablert.

Det vert utarbeida felles ekstern informasjonsstrategi fram til kommunesamanslåinga er gjennomført.

Det vert etablert ein aktiv strategi for korleis informasjon skal gis til tilsette, bl.a. felles interne retningslinjer for intern informasjon. Denne strategien skal utvikles i samråd med tillitsvalde og handsamast i partssamansett utval.

Knarvik den xx.xx.2016

NN (parti) Ordførar Lindås

NN (parti) Ordførar Meland

NN (parti) Ordførar Radøy

NN (parti) Varaordførar Lindås

NN (parti) Varaordførar Meland

NN (parti) Varaordførar Radøy

NN (parti) gruppeleiar Lindås

NN (parti) gruppeleiar Meland

NN (parti) gruppeleiar Radøy